



## Frå vikingland til Amerika komande helg

Vestnorsk utvandringssenter på Sletta og Lyngheiseret på Lygra inviterer til familiedagen "Frå vikingland til Amerika" søndag. Arrangementet er ein del av Kystsogeveke 2014.

– Vi inviterer til familieaktivitetar på begge sider av sundet. Ein skyssbåt skal gå i skytteltrafikk mellom Lygra og Sletta slik at folk kan få med seg det som skjer ved begge museum denne dagen, fortel Ida Dyrkorn Heierland ved Vestnorsk utvandringssenter.

– Vi vonar båttilbodet blir populært. Vi arbeider med å få til ei meir permanent båttøysing slik at Lyngheiseret og Vestnorsk utvandringssenter kan inngå i ei felles pakkeløysing for turistar som vil besøka Nordhordland. Vi kjem til å ta med oss erfaringar

frå arrangementet søndag vidare i arbeidet, seier Heierland.

På Lyngheiseret kan folk mellom anna ta del i brygging av steinol, smiing, veving og vikingleikar. På Sletta blir det liv og røre i emigrantlandsbyen.

– Vi har laga ei rekkje aktivite-

tar knytte til det å vera nybyggjar, seier Heierland.

Det blir mellom anna høve til å skyta med pil og boge, kasta lasso, laga reiskap av stein, laga perlearmband, delta i gullgraving og laga Amerikabrev. I det gamle rådhuset blir det eige fotostudio.



**BIBLIOTEK PÅ KAIEN:** Turid Brurås, Roald Atterås og Bjørg Atterås let seg imponera over tilliten på Fedje, der det vesle biblioteket på ferjekaien står ope og ubemannet.

# Biblioteket på ferjekaien

FEDJE: midten av juni opna Fedje landets minste bibliotek i venteskuret på ferjekaien. Responsten har vore overveldande.

**LILLIAN SIVERTSEN**  
lillian.sivertsen@nordhordland.no

Det er ikkje stort, og rommar ikkje så mange bøker, men ei bokhylle langs veggen, og to kassar med bøker plassert langs vindauga på venterommet, er nok til at turistane vert imponerte. Årsaka er at biblioteket står ope for alle, og at ingen passsar på.

## Turistar er imponerte over at ingen passsar på

– Det er så flott å sjå at biblioteket står ope, slik at folk berre kan gå inn å forsyna seg, seier Turid Brurås imponert.

Ho bur sjølv i Åsane, og har med seg ferierande gjestar frå Bærum på ein dagstur ut til Fedje for å nytta sommaren. Roald og Bjørg Atterås, blir begge sjarmert av den vesle boksamlinga på kaien.

– Det er utruleg flott å sjå den tilliten ein har til folk, sidan biblioteket er til fritt bruk, seier Bjørg.

Både ho og mannen Roald kan

stadfesta at slikt ikkje ville gått an i Bærum. Dei kastar seg over boksamlinga, og finn raskt hylla, der ein kan byta til seg ei bok om ein vil leggja att si eiga.

### Høgtlesing og latter

– Så smart, seier Bruås, og går straks i gang med å studera utvalet av bytebøker inne på det vesle biblioteket.

– Eg skal bli bestemor snart, så Ole Brumm passsar for meg, seier ho, og opnar ei bok om den berømte bamsen og venen hans Tigergutt.

Samstundes finn fru Atterås noko ho vil lesa høgt frå. Gamal kristen litteratur om åndelighet. Ho les høgt, og dei ler og kosar seg ei stund, før mannen hennar plutsleg gjer ei oppdaging.

– Det finst ikkje spor av turistinformatjon om Fedje her, seier han overraska.

– Det burde dei ha, legg han til.

### Godt poeng

Biblioteksjefen, Else Færøy er samd i at det burde vera turistinformatjon tilgjengeleg i venteskuret.

– Det må vi få til. Det er bra at nokon gir beskjed. Før var det nemleg Pernillekafeen som tok seg av den biten, og det er fyrste sommaren at kafeen er stengt. Vi har rett og slett ikkje tenkt på det seier ho til Nh.

Biblioteket opna like før sommarferien starta, og har drive seg sjølv sidan då. Grovt rekna trur Færøy det står mellom 300 og 400 bøker på staden.

– Vil vi fylla på, og byta ut bøker med jamne mellomrom, seier Færøy.